

Medlemsinfo februar 2013

Styret i Jølster Sau og Geit 2013:

Leiar: Ragnhild Sæle

Nestleiar: Jakob Andre Sandal

Sekretær: Ragnvald Søgnesand

Kasserar: Jonny Lofnes

Styremedlem: Inge Erikstad

Vara:

1. Arve Kjell Sunde

2. Silja Juklestad

3. Kjersti Støfring

Grendakontakter:

Jon Sandal Stardalen

Svein Klakegg Klakegg/Førs

Ole Kristian Kjøsnes Viken/Kjøsnes

Magnar Sunde Sunde/Dvergsdal/Myklebust

Inge Erikstad Årdal/Hus/Helgheim

Tore Taklo Ålhus/Svidal

Jostein Gjesdal Gjesdal/Sandal

Jan Arne Flugekvam Eikås/Kvammen/Vassenden

Jølster Sau og Geit, inviterer til "Knutekurs" TORSDAG 28. FEBRUAR KL. 19.30 i Stardalen Bygdetun.

Første del, inne:

- Lære grunnleggjande knutar og enkel bruk av fjellsikringsutstyr.
- Kva personleg/fellesutstyr kan vere lurt å ha.
- Utfordringar ved saueløysing som: Fanging, firing, heising og liknande

Andre del, ute til sommaren:

- Repetisjon og prøving i praksis

Instruktør/rettleiar: Inge Erikstad m.fl.

Breim Sau og Geit inviterer til FAGKVELD FREDAG 8. MARS KL. 20.00 – 22.00 PÅ NORSK FJORDHESTGARD

Temaet er Helse og Velferd i lamminga. Veterinær i Gloppen Anne Berit Selle deltek.

Etter fagdelen vert det quiz og sosialt samvær. Sjå meir på : www.nsg.no/sfsg/breim

FAGTUR TIL LEIKANGER LAURDAG 16. MARS.

Sjå eige vedlegg.

NB. Oppmøte på Skei, **VED ESSO KL. 09.50.**

Begrensa tal plassar, så det vert først til ”Mølla” prinsippet.

Dispensasjon frå fredningsbestemmelsane, for raudrev

Jølster Sau og Geit har søkt om dispensasjon frå fredningsbestemmelsane for raudrev i perioden 15.04.13 – 15.07.13. Søknaden skal handsamast 27.02.13. Får vi eit betinga løyve, slik som tidlegare, vil det sei at dersom ein finn døde lam, og rovviltkontakten kan stadfeste at det er rev som har drepe, så vil ein umiddelbart få løyve til revejakt. Ved hijakt skal kvelpane avlivast før mordyr.

Ellers vil ein nok ein gong minne om kor viktig det er at ein tek kontakt med Finn Olav Myren (tlf. **992 02 664**) når ein finn døde sauer/lam som kan vere drepne, eller at ein finn spor/sportegn som kan minne om større rovdyr. Det er i slike tilfeller viktig at ein tek kontakt umiddelbart. Problemet er at han ofte får altfor seint melding om ”interessante” observasjonar, og då vert det enda vanskelegare å sei kva slags dyr som har drepe/laga spor /sportegn.

Ullsekkar

Ullsekkar kan ein som tidlegare, hente hos Johannes Nedrebø.

Fjelldag

Oldedalen Sau og Geit og Jølster Sau og Geit, skipar til fjelldag laurdag 10 august 2013. Turen går mellom Stardalen og Oldedalen, via Oldeskaret. Sett av andre helga i august til ein fjelltur saman med andre småfeinteresserte. Meir informasjon om turen kjem seinare.

Medlemsverving

Her er enda ein del småfehaldarar som ikkje er medlem, så ein oppfordrar medlemene til å verve nye medlemmer.

Jølster Sau og Geit – heimeside

Minner om at ein ved å gå inn på www.nsg.no/sfsg/joelster kan finne informasjon, som kan vere av interesse for medlemene. Dersom de har informasjon som de vil ha lagt ut, så ta kontakt med Jonny Lofnes.

Årsmelding 2012 for Sogn og Fjordane Sau og Geit

Årsmeldinga finn ein på heimesida til Sogn og Fjordane Sau og Geit: www.nsg.no/sgsg
Den vert ikkje utsendt til medlemene.

E-postadresser

Styret i Jølster Sau og Geit ber, nok ein gong, om at alle som får dette informasjonsskrivet pr. post og som har e-postadresse (som dei brukar) sender den til leiar.

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Det vil gjere arbeidet med å få ut informasjon enklare, og spare laget for utgifter til porto.

STYRET